

**Alver kommune, planavdelinga**

Att. Lennart Falkenberg-Arell

24.03.23

**Avdeling Os**

Org.nr. 879 951 542  
Hamnevegen 53,  
PB. 291, 5203 Os  
Tlf: 56 57 00 70

**Avdeling Stord**

Org.nr. 917 495 637  
Torgbakken 9  
PB. 667, 5404 Stord  
Tlf: 53 40 37 80

## **Innsending til 2. gongs handsaming av detaljreguleringsplan for Sauvågen**

Den 10. og 13. mars vart illustrasjonsplan, merknadsskjema, planomtale og føresegner sendt inn til kommunen for 2. gongs handsaming. Dokumenta var då retta for å svare ut vilkår i vedtak og for å møte nokre av merknadene som vart gjeve ved høyringa. Ikkje alle merknadene var oversendt oss etter høyringa, slik at dokumenta på nytt er justert etter at vi fekk oversikt over alle innspel.

Under følgjer ein oversikt over kva endringar som er gjort. Her er alle endringane oppsummert, både dei som følgde innsending 13.03 og no den 24.03. Plankart er uendra sidan høyringa.

I vedlagt merknadsskjema er det oversikt over korleis dei ulike merknadene er følgt opp.

### Illustrasjonsplan:

- Det er teikna inn vegetasjonsskjerm
- Det er teikna inn ein gangkopling mot grøntområde på neset frå kommunal veg Sauvågen

### Føresegner:

- Krav til etablering av vegetasjonsskjerm er lagt inn i føresegnene.
- Sikring av gangkopling mellom grøntområde og kommunal veg er sikra i føresegnene.
- Etter innspel frå byggjesaksavdelinga er det gjort følgjande justeringar i føresegnene:
  - Det er lagt til at naust ikkje kan ha ark.
  - Det er presisert at det berre er conteinarar som kan lagrast på området, setninga om «anna større utstyr» er fjerna.
  - Det er presisert at *byggjetiltak* ikkje er tillate innanfor område for blågrøn struktur. Det er tillate med mindre terremessige tilpassingar i overgang mellom næringsføremål og blågrøn struktur dersom dette er naudsynt for best mogleg terrengtilpassing.
  - Hensikta med ein miljøplan er presisert i føresegnene.
- Etter innspel frå NVE er det gjeve rekkefølgjeføresegner som sikrar at lokalstabilitet skal vurderast og dokumenterast av geoteknisk fagkyndig før igangsetjingsløyve.

Planomtale:

- Omtale av vedtak om høyring er lagt inn.
- Omtale av vegetasjonsskjerm er lagt inn.
- Omtale av gangkopling mot neset fra kommunal veg er lagt inn.
- Vurdering av at vegetasjonsskjerm ikke er naudsynt er tatt ut.
- Omtale av vurderingar i ROS-analyse om lokalstabilitet for fylling er lagt inn.

ROS-analyse:

- Etter innspeil frå NVE er omtale og vurdering av lokalstabilitet for fyllinga lagt til i ROS-analysa. Som nemnd over er dette vidare følgt opp med rekkefølgjekrav i føreseggnene.

Med vennlig hilsen

**ABO Plan & Arkitektur AS**

Mathilde Ilper Johnsen